



-- Dette er kjempebjørnkjeks, meiner Dag Hermansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dag Hermansen er ein av dei som ivrigst har kjempa ein sigerrik kamp mot den giftige planta kjempebjørnkjeks denne sommaren. uskedalen.no var med då han måndag kveld gjorde runde nummer fire med ljàen langs stranda.



[Kjempebjørnkjeks ved hyttevegg i Uskedalen.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Poenget er å kutta ned planta før ho rekk å frøa seg. No er det halvannen veke sidan Dag var ute med ljåen sist, men det var allereie naudsynt med ein ny runde, for fleire stader var planta i full blomst. Dei innsiktsfulle er einige om at planta som veks i Uskedalen høyrer til skjermplantefamilien og at ho ikke er tromsøpalme. Men er ho kjempebjørnkjeks eller kystbjørnkjeks? Det er dei slett ikke einige om, men Hermansen er overtida om at det er kjempebjørnkjeks, som er større enn kystbjørnkjeks og kan bli opptil fire meter høg hvis ho får utvikla seg.

Ettersom vi i denne omgongen har landa på kjempebjørnkjeks er det på sin plass med ein ny, liten skuletime:

Både denne planta og tromsøpalma kom hit til landet for rundt 170 år sidan. Dei kom truleg frå Asia via Storbritannia. Mange av førekomstane i dag skuldast bevisst såing eller innplanting i hagar.

Planta er forsåvidt staseleg, men uønska i naturen vår fordi ho har stor formeringsevne, manglar naturlege fiendar, fortrenger våre eigne artar og fordi berøring gjev allergiske reaksjonar (brann- og sviskadar).

Safta inneheld ein gift som øydelegg hudas fotobeskyttande eigenskapar slik at det blir brannså. Dei kan vera smertefulle og kan gje varige pigmendendingar i huda.

I Uskedalen har det vore særleg mykje av planta ved grusbana der det vart gjennomført ein storoffensiv – også med bruk av gift – for to år sidan. Men planta veks i tillegg i beltet langs stranda og det er viktig å halda ho i sjakk også der.

Av Ola Matti Mathisen